

Sakshandsamar:

Guro Høyvik
E-post: Guro.Hoyvik@sfj.no
Tlf.: 41530608

Vår ref.

Sak nr.: 15/11575-145
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

34344/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 11.10.2016

Notat

Frå: Guro Høyvik

Til: Ingebjørg Erikstad, NKA

Kopi til: Sissel Lillebø Aarseth, NKA

Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2016 – vedtak om ytterlegare løyving

Fylkesrådmannen fekk i hovudutval for næring og kultur (HNK) sak 65/16 fullmakt til fordeling av tilskot til kulturbygg 2016. Fordelinga vart referert for hovudutvalet i septembermøtet, sak 15/11575- 114. Fylkesdirektøren følgjer no opp intensjonane i denne saka, og har vurdert søknadane som har status *godkjent* i søknadsrunda 2016 for ytterlegare løyving. Søknadar med status *ikkje godkjent* er ikkje vurdert. Det er midlane som vart sett at til ev. klagehandsaming etter vedtak i sak 15/11575- 114 som no er tilgjengelege for ytterlegare løyving; 214 754 kroner.

Også ved vurdering av til ytterlegare løyving legg fylkesdirektøren til grunn prinsippa for fordeling av tilskot som HNK vedtok i sak 65/16, og prioriteringane som ligg til grunn for løyvinga i sak 15/11575-114:

- Prinsipp for fordeling vedtekne av hovudutval for næring og kultur vedtok i sak 65/16; i prioritert rekkefølge: a) gjenteken søknad, b) tiltak som reduserer energiforbruket, (ENØK - tiltak) / kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar, c) tilleggsløyving.
- Prioriteringar i sak 15/11575- 114: gje løyving til flest mogleg av søknadskommunane, følge kommunen si prioritering og prioritere søknadar frå frivillig sektor.

Ved fordeling i sak 15/11575 -114 såg fylkesdirektøren elles at det ikkje var mogleg å følgje opp prioritering c) tilleggsløyving pga. for lite midlar. Ved ytterlegare løyving er dette vurdert på nytt, sidan midlane som vart sett av til ev. klagehandsaming, 214 754 kroner, no skal nyttast.

Løyving

Breidvik og Bålen grendahus (tilleggsløyving)	Gulen	177 000 kr
---	-------	------------

Avslag

Eikefjord kulturstove	Flora
Gambleua i Stavang	Flora
Ungdomshuset Leikvang (tilleggsløyving)	Leikanger
Sogndal kulturhus, nytt kulturareal	Sogndal
Sogndal kulturhus, vetlesalen	Sogndal
Holmedal bygdehus	Askvoll
Naustdal barne - og ungdomsskule – bibliotek	Naustdal
Aldaheim	Stryn

Attstående midlar

Etter siste løyving står det att 37 754 kroner frå årets fordeling. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. Ei ramme på 37 754 kroner er for låg til at vi fullt ut vil kunne imøtekomme ei ev. klage i 2016 om den skulle komme, og bli teken til følgje . Ei ev. løyving som følgje av medhald i ein klage vil difor bli løyst ut delvis med attstående midlar, og elles med midlar som vert tildelt fylkeskommunen frå Kulturdepartementet i 2017. Attstående midlar vert elles lagt til ramma til fordeling i 2017.

Prosjekt som vert løyvd midlar

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
1411 0010 01 Breidvik og Bålen grendahus (tilleggs- løyving)	Breidvik og Bålen bygdelaag	Gulen	Søknaden er den einaste frå Gulen kommune. Første godkjende søknad er frå 2013, og det er dette tiltaket bygdelaaget søker om tilleggsløyving til. Pga. låg økonomisk ramme vart søknadar om tilleggsløyving ikkje prioritert i løyving av 27.06.2016. Ved ytterlegare løyving legg fylkesdirektøren til grunn same prinsipp og prioritering som ved tidlegare løyving. Fylkesdirektøren har m.a. lagt vekt på å løyve midlar slik at det lettar den økonomiske belastninga for søkerane. Fylkesdirektøren prioriterer dette tiltaket for løyving sidan det ligg lengst attende i tid av tiltaka som har ein godkjend søknad.
Kommunal prioritering: 1/1			
Godkjend totalkostnad: 529 000	Godkjend søknads- sum: 177 000	Løyving: 177 000	

Prosjekt som ikkje vert løyvd midlar

Godkjende søknadar som ikkje vert prioritert for midlar ved ytterlegare løyving i 2016.

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
Eikefjord kulturstove	Flora kommune	Flora	Pga. låg økonomisk ramme i 2016 prioriterer fylkesdirektøren søknadar frå frivillig sektor. Av same grunn er det heller ikkje rom for å gi løyving til alle kommunane si første prioritering. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 1/2			
Godkjend totalkostnad: 6 040 985	Godkjend søknads- sum: 1 500 000	Løyving: 0	

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
Gamlebua i Stavang	Gamlebua i Stavang	Flora	Den økonomiske ramma er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Flora kommune, og den vert ikkje prioritert for tilskot. Søknaden har status «godkjend», men er tilrådd avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 2/2			
Godkjend totalkostnad: 1 843 000	Godkjend søknads- sum: 614 000	Løyving: 0	

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
1419 0033 01 Ungdomshuset Leikvang (tilleggs- løyving)	Leikanger Ungdoms- lag	Leikanger	Søknaden er den einaste frå Leikanger kommune. Første godkjende søknad er frå 2014, og det dette tiltaket ungdomslaget søker om tilleggsløyving til. Pga. låg økonomisk ramme vart søknadar om tilleggsløyving ikkje prioritert i løyving av 27.06.2016. Ved vurdering av ytterlegare løyving legg fylkesdirektøren til grunn same prinsipp og prioritering som ved førre løyving. Fylkesdirektøren har m.a. lagt vekt på å løyve midlar slik at det lettast den økonomiske belastninga for søkerane. Fylkesdirektøren prioriterer det tiltaket det vart søkt om midlar til først og som oppfyller dei prioriterte kriterier. Difor vert Leikanger UL sin søknad ikkje prioritert no. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 1/1			
Godkjend total kostnad: 570 000	Godkjend søknads- sum: 190 000		Løyving: 0

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
1420 0046 01 Sogndal kulturhus, nytt kulturareal	Sogndal kommune	Sogndal	Pga. låg økonomisk ramme i 2016 prioriterer fylkesdirektøren søknadar frå frivillig sektor. Av same grunn er det heller ikkje rom for å gi løyving til alle kommunane si første prioritering. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 1/2			
Godkjend total kostnad: 8 327 000 eks. mva.	Godkjend søknads- sum: 2 776 000		Løyving: 0

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
1420 0046 02 Sogndal kulturhus, vetlesalen	Sogndal kommune	Sogndal	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane si første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av to frå Sogndal kommune. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 2/2			
Godkjend total kostnad: 450 000 eks. mva.	Godkjend søknads- sum: 150 000		Løyving: 0

Tiltak	Søkjar	Kommune	Vurdering
1428 0049 01 Holmedal bygdehus	Holmedal ungdoms- lag	Askvoll	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Askvoll kommune, og den vert ikkje prioritert for tilskot. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 2/2			
Godkjend total kostnad: 374 000	Godkjend søknads- sum: 125 000		Løyving: 0

Tiltak	Søkjær	Kommune	Vurdering
1433 0002 09 Naustdal barne - og ungdomsskule, bibliotek	Naustdal kommune	Naustdal	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane si første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av to frå Naustdal kommune. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 2/2			
Godkjend totalkostnad: 1 700 000 eks. mva.	Godkjend søknads- sum: 576 000		Løyving: 0

Tiltak	Søkjær	Kommune	Vurdering
Aldaheim	Olden ungdoms- lag	Stryn	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Stryn kommune, og den vert ikkje prioritert for tilskot. Søknaden har status «godkjend», men er tilrådd avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søknaden kan fornyast i 2017.
Kommunal prioritering: 2/2			
Godkjend totalkostnad: 512 000	Godkjend søknads- sum: 174 000		Løyving: 0